

Remi Jarle Helland  
Mangersnesvegen 63  
5936 MANGER

---

<b>Dato</b>	14.01.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/3740-2
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45638702

## Dispensasjon frå byggegrense - fv 5486 - gnr 445 bnr 327 - Alver kommune

Vi viser til revidert søknad mottatt 08.12.2022.

### Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa for å byggje ny garasje på eigedomen.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5486 Mangersnesvegen for å oppføre garasje på gnr. 445 bnr. 327 i Alver kommune.

### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 08.12.2021.
2. Avstanden frå garasjen (inkludert takutspring) til senterlina på fv 5486 Mangersnesvegen skal vera minst 15 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5486.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 500. Fylkesveg 5486 Mangersnesvegen er klassifisert som haldningsklasse «mindre streng» jf. Rammepplan 2021-2024, som seier at tiltak ikkje bør etablerast nærare enn 30 meter frå vegmidte.

Det vart først søkt om å få bygge 11,5 meter frå vegmidte som vi meiner er for nære fylkesvegen. Vi opna for dispensasjon for 15 meter frå vegmidte og har no handsama revidert søknad med nytt situasjonskart.

Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden gjev vi løyve til tiltaket som det er søkt om.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

**1 Rev 1. situasjonskart - Plassering 15 m fra veimidt fylkesvei.pdf**

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4